

## Lov om krav til kassasystem (kassasystemlova)

Dato	19.06.2015 nr. 58
Departement	Finansdepartementet
Sist endret	
Publisert	I 2015 hefte 6
Ikrafttredelse	01.01.2017
Rettsområde	Bank, finans og regnskapsrett ► Regnskap
Kunngjort	19.06.2015 kl. 15.20
Korttittel	Kassasystemlova

---

### § 1. Virkefelt

Denne lova gjeld leverandørar av kassasystem som nemnt i § 2 bokstav e. Lova fastsett krav til kassasystem mv. som blir tilbode for sal, utleige eller utlån til bokføringspliktig som nemnt i bokføringslova<sup>1</sup> § 2.

<sup>1</sup> Lov 19 nov 2004 nr. 73.

### § 2. Definisjonar

I denne lova tyder

- kontantsal: sal av varer og tenester der kjøparen si betalingsplikt overfor seljar blir gjort opp ved levering, ved bruk av betalingskort eller kontantar som betalingsmiddel. Sal over internett eller ved oppkrav blir ikkje rekna som kontantsal,
- betalingskort: debetkort, kredittkort og faktureringskort,
- kontantar: andre betalingsmiddel enn betalingskort,
- kassasystem: kassaapparat eller anna elektronisk system for registrering av kontantsal og utskrift av salskvittering,
- leverandør av kassasystem: produsent eller importør som enten sjølv eller gjennom forhandlar sel eller tilbyr kassasystem mv. for sal, utleige eller utlån til bokføringspliktig som nemnt i § 1, og forhandlarar og andre som tilpassar kassasystem for dei bokføringspliktige,
- ID-nummeret til kassasystemet: ein unik identifikator for kassasystemet.

### § 3. Krav til kassasystem<sup>1</sup>

(1) Eit kassasystem skal vere innretta slik at det enkelt kan vurderast om det er i samsvar med føresegner gitt i medhald av lova. Opplysingar om modell, type og versjon av kassasystemet, med ID-nummeret til kassasystemet,<sup>2</sup> skal vere lett tilgjengeleg.

(2) Det skal finnast ei systemskildding av oppbygginga til kassasystemet og alle funksjonane i systemet. Systemskilddinga skal følgje med kassasystemet ved sal, utleige eller utlån.

1 Sjå § 2 (1), d.

2 Sjå § 2 (1), f.

#### **§ 4. Bistand og plikt til utlevering av programvare mv.**

(1) Leverandørar av kassasystem<sup>1</sup> skal gi skattekontoret naudsynt bistand til innsyn i kassasystemet.

(2) Skattekontoret kan krevje å få utlevert programvare, servicenøklar, servicemanual, programmeringsverktøy og programmeringsmanual mv. for kassasystemet frå leverandøren av kassasystemet. Det skal fastsetjast ein frist for oppfyljing.<sup>2</sup>

1 Sjå § 2 (1), d.

2 Sjå § 7.

#### **§ 5. Produktfråsegn<sup>1</sup>**

(1) Leverandøren av eit kassasystem<sup>2</sup> skal levere ei produktfråsegn til skattekontoret om at kassasystemet oppfyller krava i § 3 og krava i føresegnene gitt i medhald av lova. Produktfråsegna skal leverast før kassasystemet blir tilbode for sal, utleige eller utlån og ho skal oppdaterast ved nye versjonar av kassasystemet.

(2) Ved sal, utleige eller utlån skal produktfråsegna følgje med kassasystemet.

1 Jf. § 8.

2 Sjå § 2 (1), d.

#### **§ 6. Utbetring av manglar mv.**

(1) Blir ein leverandør av kassasystem<sup>1</sup> merksam på at eit kassasystem ikkje tilfredsstiller krav etter forskrift gitt i medhald av lova, skal leverandøren utan ugrunna opphald melde frå om dette til skattekontoret og utbetre mangelen eller trekkje kassasystemet frå marknaden.<sup>2</sup>

(2) Dersom skattekontoret avdekkjer eller blir merksam på manglar som nemnt i første ledd, kan leverandøren bli gitt ein frist for å utbetre mangelen eller trekkje kassasystemet frå marknaden.

1 Sjå § 2 (1), d.

2 Jf. § 7.

#### **§ 7. Tvangsmulkt**

(1) Skattekontoret kan påleggje ein leverandør som ikkje har retta seg etter pålegg om å utlevere programvare mv. etter § 4 andre ledd innan den fastsette fristen, ei dagleg laupande tvangsmulkt fram til utlevering skjer. Tvangsmulkta utgjer eitt rettsgebyr per dag, jf. rettsgebyrloven<sup>1</sup> § 1 andre ledd.

(2) Skattekontoret kan påleggje ein leverandør som ikkje har retta seg etter pålegg om å utbetre mangelen eller trekkje kassasystemet frå marknaden etter § 6 andre ledd innan den fastsette fristen, ei dagleg laupande tvangsmulkt fram til utbetring skjer. Tvangsmulkta utgjer ti rettsgebyr per dag, jf. rettsgebyrloven<sup>1</sup> § 1 andre ledd.

(3) Samla tvangsmulkt kan ikkje overstige ein million kroner.

(4) Vedtak om tvangsmulkt blir retta mot styret i selskap, samvirkeføretak,<sup>2</sup> foreining, innretning eller organisasjon og blir sendt kvart medlem i rekommandert brev. Tvangsmulkta kan inndrivast så vel hos medlemane av styret som hos selskapet, samvirkeføretaket, foreininga, innretninga eller organisasjonen.

(5) Vedtak om tvangsmulkt kan klagast inn til Skattedirektoratet innan tre veker.

(6) Tvangsmulkta blir overført til statskassen.

1 Lov 17 des 1982 nr. 86.

2 Jf. lov 29 juni 2007 nr. 81.

### **§ 8. Brotsgebyr**

(1) Dersom leverandøren av kassasystemet ikkje har levert produktfråsegn etter § 5, eller kassasystemet ikkje oppfyller krava i § 3 eller i forskrift gitt i medhald av denne lova, kan skattekontoret påleggje leverandøren av kassasystemet brotsgebyr.

(2) Brotsgebyr blir ikkje pålagt når leverandøren har følgd føresegna i § 6 første ledd. Dette gjeld likevel ikkje dersom melding om feilen kan reknast som framkalla ved kontrolltiltak som er eller vil bli sett i verk, eller ved opplysningar som skattekontoret har fått frå andre.

(3) Brotsgebyret utgjer 30 rettsgebyr, jf. rettsgebyrloven<sup>1</sup> § 1 andre ledd. Ved ytterlegare feil i same type kassasystem innan tolv månader etter at førre brotsgebyr blei pålagt, utgjer brotsgebyret 60 rettsgebyr.

(4) Vedtak om brotsgebyr kan klagast inn til Skattedirektoratet innan tre veker.

(5) Brotsgebyret blir overført til statskassen.

<sup>1</sup> Lov 17 des 1982 nr. 86.

### **§ 9. Forskriftsheimel**

Skattedirektoratet kan gi forskrifter som utfyller føresegnene i denne lova, og fastsetje ytterligere krav når det er naudsynt av omsyn til pliktig rekneskapsrapportering eller skatte- og avgiftskontroll.

### **§ 10. Iverksetjing**

Lova tek til å gjelde 1. januar 2017.

## Forskrift om krav til kassasystem (kassasystemforskrifta)

Dato	18.12.2015 nr. 1616
Departement	Finansdepartementet
Avd/dir	Skattedirektoratet
Publisert	I 2015 hefte 15
Ikrafttredelse	01.01.2017
Sist endret	FOR-2016-07-06-901
Gjelder for	Norge
Hjemmel	LOV-2015-06-19-58-§9
Kunngjort	21.12.2015 kl. 15.50
Korttittel	Kassasystemforskrifta

---

**Heimel:** Fastsett av Skattedirektoratet 18. desember 2015 med heimel i lov 19. juni 2015 nr. 58 om krav til kassasystem (kassasystemlova) § 9.

**Endringar:** Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

### Kapittel 1. Virkefeltet til forskrifta. Definisjonar

#### § 1-1. Virkefelt

Forskrifta utfyller og gjennomfører føresegnene i kassasystemlova.

Trer i kraft 1 jan 2017.

#### § 1-2. Definisjonar

I denne forskrifta tyder

- a) *kassaskuff*: oppbevaringsplass for betalingsmiddel som blir registrert i eit kassasystem,
- b) *kassapunkt*: ei eining innan eit kassasystem som kan avslutte eit kontantsal ved å beordre utskrift av ei salskvittering.
- c) *opning av kassaskuff (nullinnslag)*: integrert kassaskuff opnast utan at det har skjedd nokon registrering av kontantsal eller tilbakebetaling,
- d) *salskvittering*: utskrift frå kassasystem som viser gjennomført kontantsalstransaksjon,
- e) *returkvittering*: utskrift frå kassasystem som viser at den salskvitteringa som er skrive ut tidlegare inneheld feilaktige opplysningar eller opplysningar om tilbakebetaling for prisjusterte eller returnerte varer eller tenester,
- f) *kopikvittering*: kopi av salskvittering,
- g) *pro forma kvittering*: utskrift frå kassasystem som viser foreløpig registrert sal,
- h) *utleveringskvittering*: stadfesting av kredittsal,
- i) *treningskvittering*: utskrift frå kassasystemet for treningsformål som viser same slags opplysningar som ei salskvittering,
- j) *kvittering frå betalingsterminal*: utskrift frå betalingsterminal som viser bruk av betalingskort,
- k) *kontinuerleg bruk*: all bruk av kassasystemet, blant anna registrering av sal mv. og utskrift av kvitteringar som nemnt i bokstavane d til h, endring av priser, korreksjonar, opningar av kassaskuff (nullinnslag),

utskrift av rapportar og liknande, samt endringar av programvare og førebels tilkopling av ekstern programvare,

- l) *elektronisk journal*: dokumentasjon av den kontinuerlege bruken av kassasystemet i elektronisk form,
- m) *Z-rapport*: samanstilling av dagens registreringar i kassasystemet,
- n) *X-rapport*: samanstilling av registreringar i kassasystemet sidan førre Z-rapport,
- o) *grand total retur*: akkumulert verdi av returar og andre postar som har redusert kontantsalet,
- p) *grand total sal*: akkumulert kontantsal, utan frådrag av grand total retur,
- q) *grand total netto*: grand total sal redusert for grand total retur.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 1-3. Tilpassing av kassasystem**

Med tilpassing av kassasystem, jf. kassasystemlova § 2 bokstav e) meinast tilpassingar som påverkar kassasystemet sine funksjonar eller oppbygging.

Trer i kraft 1 jan 2017.

## **Kapittel 2. Krav til kassasystem og systemskildring**

### **§ 2-1. Systemskildring**

(1) Av systemskildringa som nemnt i kassasystemlova § 3 andre ledd skal det gå fram korleis kassasystemet kan kontrollerast. Dersom kassasystemet oppbevarer dokumentasjon av bokførte opplysningar, og det er nødvendig for å kunne kontrollere bokførte opplysningar på ein enkel måte, skal systemskildringa også dokumentere kontrollsporet, blant anna korleis systemgenererte poster kan etterprøvast.

(2) Dersom eit kassasystem vert endra ved at det blir tilført nye funksjonar eller det blir gjort endringar som påverkar oppbygginga av systemet, skal det enten utarbeidast eit tillegg til systemskildringa over dei endringane som er gjort eller ei heilt ny systemskildring. Dokumentasjonen skal følgje med kassasystemet.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-2. Kassaskuff**

Kassasystemet skal ha integrert kassaskuff på kvart kassapunkt. Dette gjeld likevel ikkje dersom kassasystemet har funksjonar for å registrere kontantsal mv. på den enkelte operatør og salet ikkje blir registrert frå faste kassapunkt. Kravet gjeld heller ikkje ved kassapunkt kor det ikkje er mogeleg å betale med setlar og myntar.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-3. Skrivar mv.**

(1) Kassasystemet skal ved det enkelte kassapunkt vere utstyrt med ein skrivar. Skrivaren skal kunne produsere dokumentasjon som nemnt i § 1-2 bokstavane d til i og l til n.

(2) Kassasystemet skal for det enkelte kassapunkt vere utstyrt med ein eksportfunksjon, slik at det er mogeleg å overføre opplysningane i elektronisk journal til eksternt lagringsmedium.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-4. Krav til språk**

Systemskildring, programvare, servicemanual, programmeringsverktøy og programmeringsmanual skal vere på norsk, svensk, dansk eller engelsk. Det same gjeld tekst på kvitteringar, X-rapport og Z-rapport samt registrering av kontinuerleg bruk.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-5. Funksjonar som eit kassasystem skal ha**

- (1) Kassasystemet skal kunne registrere vekselkasse.
- (2) Kassasystemet skal kunne registrere betaling med ulike typar betalingsmiddel.
- (3) Kassasystemet skal ha klokke. Klokka skal vere stilt til norsk normaltid og justerast for sommartid.
- (4) Kassasystemet skal klart skilje mellom positive og negative beløp på alle kvitteringar, rapportar og i elektronisk journal.
- (5) Kassasystem som er tenkt til bruk for fleire bokføringspliktige, skal vere lagt til rette for at all kontinuerleg bruk, blant anna betalingsmiddel, blir registrert særskilt for kvar enkelt bokføringspliktige verksemd.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-6. Funksjonar som eit kassasystem ikkje skal ha**

- (1) Programvaren i eit kassasystem skal ikkje ha andre funksjonar enn det som går fram av systemskildringa, jf. kassasystemlova § 3 andre ledd.
- (2) Programvaren i eit kassasystem skal ikkje kunne koplast saman med eller integrerast med utrustning eller programvare som gjer det mogeleg å endre eller slette elektronisk journal.
- (3) Programvaren i eit kassasystem skal ikkje ha funksjonar som gjer det mogeleg for brukaren å ta bort, endre eller legge til opplysningar i registreringane. Programmert tekst på varer og tenester skal ikkje kunne endrast ved eller etter registreringa.
- (4) Det skal ikkje vere mogeleg å avslutte sal utan at systemet skriv ut ei salskvittering. Systemet skal ikkje kunne skrive ut meir enn éi kopikvittering.
- (5) Det skal ikkje vere mogeleg å foreta registreringar i kassasystemet dersom integrert kassaskuff er open.
- (6) Det skal ikkje vere mogeleg å foreta registreringar i kassasystemet dersom lagringsminnet er fullt.
- (7) Det skal ikkje vere mogeleg å merke særskilte varer eller tenester i kassasystemet slik at dei ikkje blir tekne med på X- og Z-rapport.
- (8) Eit kassasystem som blir kopla saman med ei ikkje-automatisk vekt, skal ikkje kunne påverke vekta sine måletekniske eigenskapar, jf. forskrift 21. desember 2007 nr. 1735 om krav til ikke-automatiske vekter.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-7. Elektronisk journal**

- (1) All kontinuerleg bruk skal lagrast fortløpande i elektronisk journal. Dette omfattar også opplysningar på kvitteringar som nemnt i § 1-2 bokstavane d til h. Elektronisk journal skal vere sikra mot endring og sletting. Elektronisk journal kan overførast til eit anna elektronisk medium i eit filformat som ikkje enkelt lar seg redigere. Slik overføring skal ikkje kunne gjerast før kassasystemet har produsert ein Z-rapport. Systemet skal kunne produsere ei fil direkte frå elektronisk journal eller anna elektronisk medium i ei standardisert form fastsett av Skattedirektoratet.
- (2) Tidspunkta for opning av integrert kassaskuff skal gå fram av elektronisk journal.
- (3) Dersom kassasystemet har funksjonar for fastsetjing av prisar for varer og tenester, skal det vere mogeleg å ta fram opplysningar om aktuelle prisar frå kassasystemet. Det skal i slike tilfelle gå fram av den elektroniske journalen når prisane har blitt endra. Det same gjeld ved andre endringar i dei faste opplysningane.
- (4) Dersom kassasystemet har funksjonar for å undersøke pris, skal slike prisundersøkingar registrerast i elektronisk journal.
- (5) Dersom kassasystemet har funksjonar for identifikasjon av den enkelte operatør ved bruk av kort eller liknande, skal elektronisk journal innehalde opplysningar om vedkomande sitt namn eller tilsettnummer i samband med salstransaksjonane og andre registreringar.
- (6) All kontinuerleg bruk må kunne identifiserast og skiljast ut med eit startpunkt.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

## **§ 2-8. Rapportar og kvitteringar**

### **§ 2-8-1. X-rapport, Z-rapport, salskvittering mv.**

Kassasystemet skal for kvart kassapunkt kunne produsere X-rapportar, Z-rapportar, salskvitteringar og returkvitteringar. Dersom kassasystemet har funksjonar for å registrere kredittsal som blir fakturert på eit seinare tidspunkt, skal også utleveringskvittering kunne produserast.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-8-2. X-rapport**

Ein X-rapport skal minst innehalde desse opplysningane:

- a) påskrift om at rapporten er ein X-rapport,
- b) namn og organisasjonsnummer til føretaket,
- c) dato og klokkeslett,
- d) ID-nummeret til kassapunktet,
- e) totalt kontantsal,
- f) talet på kontantsal og beløp minimum fordelt på hovudgrupper,
- g) talet på kontantsal og beløp fordelt på ulike betalingsmiddel,
- h) talet på kontantsal og beløp fordelt på ulike betalingsmiddel spesifisert for kvar enkelt operatør, dersom kassasystemet har funksjonar for dette,
- i) talet på tips og beløp, dersom kassasystemet har funksjonar for dette,
- j) avgiftspliktig og avgiftsfritt kontantsal mv. samt meirverdiavgift fordelt på ulike meirverdiavgiftssatsar,
- k) inngående veksellasse,
- l) talet på salskvitteringar,
- m) talet på opningar av kassaskuff,
- n) talet på kopikvitteringar og beløp,
- o) talet på pro forma kvitteringar og beløp,
- p) talet på returar og beløp,
- q) talet på rabattar og beløp,
- r) talet på avbrotne kontantsal og beløp,
- s) talet på linjekorreksjonar spesifisert på type og beløp,
- t) talet på prisundersøkingar spesifisert på varegruppe og beløp,
- u) talet på andre korreksjonar spesifisert på type og beløp,
- v) talet på utleveringskvitteringar og beløp,
- w) talet på treningskvitteringar og beløp,
- x) grand total sal,
- y) grand total retur,
- z) grand total netto.

Dersom det vert skrive ut kvitteringar for kredittsal frå kassapunktet, skal talet på kredittsal og beløp spesifiserast. Det same gjeld innbetalingar og returkvitteringar som gjeld kredittsal. Også talet på andre inn- og utbetalingar som blir registrert på kassapunktet, skal spesifiserast på type og beløp.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-8-3. Z-rapport**

(1) Ein Z-rapport skal minst innehalde opplysningar som nemnt i § 2-8-2, med unntak av opplysninga i første ledd bokstav a. I tillegg skal Z-rapporten vere fortløpande nummerert og innehalde ei påskrift om at rapporten er ein Z-rapport. Z-rapporten kan ikkje innehalde registreringar som er omfatta av ein tidlegare Z-rapport.

(2) Det skal ikkje vere mogeleg å utarbeide ein Z-rapport utan at alle sal er avslutta. Ein Z-rapport kan ikkje ha same nummer som ein tidlegare Z-rapport.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-8-4. Salskvittering**

Ei salskvittering skal minst innehalde opplysningar som nemnt i forskrift 1. desember 2004 nr. 1558 om bokføring § 5-3-2a samt opplysningar om type betalingsmiddel og ID-nummeret til kassapunktet. Ordet «Salskvittering» skal visast øvst på kvitteringa. Dersom salskvitteringa er framstilt i elektronisk form skal orda «Elektronisk salskvittering» visast. Dersom betalingsterminal er integrert med kassasystemet, skal salskvitteringa også innehalde transaksjons-ID.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-8-5. Returkvittering**

Ordet «Returkvittering» skal gå fram øvst på kvitteringa. I tillegg gjeld føresegnene i § 2-8-4 tilsvarande for returkvittering.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-8-6. Kopikvittering, pro forma kvittering og treningskvittering**

Dersom kassasystemet har funksjonar til å skrive ut kopikvittering, pro forma kvittering eller treningskvittering skal desse vere tydeleg merka respektive «KOPI», «Foreløpig kvittering - IKKJE KVITTERING FOR KJØP» og «Treningskvittering - IKKJE KVITTERING FOR KJØP». Fonten på den markerte teksten skal vere minst 50 % større enn den teksten som angir beløp. Treningskvitteringar skal ikkje inngå i same nummerserie som salskvitteringar.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-8-7. Utleveringskvittering**

Dersom kassasystemet blir nytta til å registrere kredittsal som blir fakturert på eit seinare tidspunkt, skal det skrivast ut ei kvittering som viser kva slags varer og tenester som er levert. Kvitteringa skal tydeleg merkast «Utleveringskvittering - IKKJE KVITTERING FOR KJØP». Fonten på den markerte teksten skal vere minst 50 % større enn den teksten som angir beløp.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 2-8-8. Kvittering frå betalingsterminal**

Kvittering frå betalingsterminal som ikkje er integrert med kassasystemet skal tydeleg merkast «IKKJE KVITTERING FOR KJØP». Fonten på den markerte teksten skal vere minst 50 % større enn den teksten som angir beløp.

0 Endra ved forskrift 6 juli 2016 nr. 901.

Trer i kraft 1 jan 2017.

## **Kapittel 3. Produktfråsegn og utbetring av manglar mv .**



### **§ 3-1. Produktfråsegn**

- (1) Produktfråsegn som nemnt i kassasystemlova § 5 skal leverast elektronisk.
- (2) Produktfråsegna skal skrivast under ved bruk av
  - a) kvalifisert sertifikatløysing, eller
  - b) fødselsnummer og organisasjonsnummer, samt bruk av PIN-kode som gir fullmakt til å godkjenne produktfråsegna.
- (3) Tildeling av PIN-kode skjer på den måten som Skattedirektoratet bestemmer.

Trer i kraft 1 jan 2017.

### **§ 3-2. Tilbaketrekkjing av kassasystemet frå marknaden mv.**

- (1) Dersom leverandøren trekkjer kassasystemet frå marknaden eller skattekontoret gjev leverandøren pålegg om å trekkje kassasystemet frå marknaden, jf. kassasystemlova § 6, må leverandøren utan ugrunna opphald melde frå om det til sine kundar.
- (2) Eit pålegg frå skattekontoret om å utbetre manglar eller trekkje kassasystemet frå marknaden, jf. kassasystemlova § 6 andre ledd, skal innehalde ein frist for å gjennomføre pålegget.

Trer i kraft 1 jan 2017.

## **Kapittel 4. Iverksetjing**

### **§ 4-1. Iverksetjing**

Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2017.

## **Forskrift om endring av forskrift 1. desember 2004 nr. 1558 om bokføring.**

Fastsatt av Finansdepartementet 20.12.2016 med hjemmel i lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring (bokføringsloven) § 10a.

### I

I forskrift 1. desember 2004 nr. 1558 om bokføring gjøres følgende endringer:

§ 5-3-1 skal lyde:

#### **§ 5-3-1. Definisjoner**

*I dette kapittel menes med*

- a) *kontantsalg*: salg av varer og tjenester der kjøpers betalingsforpliktelse overfor selger gjøres opp ved levering, ved bruk av betalingskort eller kontanter som betalingsmiddel. Salg over internett eller ved oppkrav anses ikke som kontantsalg,
- b) *betalingskort*: debetkort, kredittkort og faktureringskort,
- c) *kontanter*: andre betalingsmidler enn betalingskort,
- d) *kassasystem*: kassaapparat eller annet elektronisk system for registrering av kontantsalg og utskrift av salgskvittering,
- e) *kassaskuff*: oppbevaringsplass for betalingsmiddel som registreres i et kassasystem,
- f) *kassapunkt*: en enhet innen et kassasystem som kan avslutte et kontantsalg ved å beordre utskrift av en salgskvittering,
- g) *kassasystemets ID-nummer*: en unik identifikator for kassasystemet,
- h) *skuffeåpning (nullinnslag)*: integrert kassaskuff åpnes uten at det har skjedd noen registrering av kontantsalg eller tilbakebetaling,
- i) *salgskvittering*: utskrift fra kassasystem som viser gjennomført kontantsalgstransaksjon,
- j) *returkvittering*: utskrift fra kassasystemet som viser at tidligere utskrevet salgskvittering inneholder feilaktige opplysninger eller opplysninger om tilbakebetaling for prisjusterte eller returnerte varer eller tjenester,
- k) *utleveringskvittering*: bekreftelse for kredittsalg,
- l) *løpende anvendelse*: all bruk av kassasystemet, blant annet registrering av salg mv. og utskrift av kvitteringer som nevnt i bokstavene i til k, endring av priser, korreksjoner, skuffeåpninger (nullinnslag), utskrift av rapporter og lignende, samt endringer av programvare og midlertidig tilkobling av ekstern programvare,
- m) *elektronisk journal*: dokumentasjon av den løpende anvendelsen av kassasystemet i elektronisk form,
- n) *Z-rapport*: sammenstilling av dagens registreringer i kassasystemet,
- o) *X-rapport*: sammenstilling av registreringer i kassasystemet siden forrige Z-rapport.

§ 5-3-2 skal lyde:

#### **§ 5-3-2. Registreringer i kassasystemet**

Bokføringspliktige skal registrere kontantsalg fortløpende i et kassasystem med produkterklæring som tilfredsstiller kravene i kassasystemlova og kassasystemforskrifta med mindre annet er bestemt i denne forskrift. Også annen løpende anvendelse av kassasystemet skal registreres fortløpende i kassasystemet. Registrering i kassasystemet skal omfatte all den informasjon som kreves spesifisert på X-rapport, Z-rapport og kvitteringer etter kassasystemforskrifta § 2-8 (§§ 2-8-1 til 2-8-7).

*Kontantsalget skal registreres på den enkelte operatør hvis systemet har slik funksjonalitet.*

*Tips kan registreres særskilt i kassasystemet hvis systemet har slik funksjonalitet og kontanttips oppbevares i kassaskuffen. Registrering skal da også omfatte tips betalt med betalingskort mv. Dersom tips ikke registreres særskilt på kassasystemet, kan kontanttips ikke oppbevares i kassaskuffen.*

Nåværende § 5-3-4 oppheves. Nye §§ 5-3-3 til 5-3-11 skal lyde:

**§ 5-3-3. Forbud mot andre kassasystemer enn de som har produkterklæring**

*Det kan bare benyttes kassasystemer i virksomheten som det foreligger produkterklæring for etter kassasystemlova § 5.*

**§ 5-3-4. Krav til bruk av kassaskuff**

*Bokføringspliktig skal oppbevare kontanter i integrert kassaskuff. Dersom kontantsalget blir registrert i kassasystemet på den enkelte operatør, kan operatøren likevel benytte pengebelte eller lignende for å oppbevare kontanter for virksomheten.*

*Integrert kassaskuff skal lukkes umiddelbart etter at betaling for kontantsalget er mottatt. Det samme gjelder dersom kassaskuffen har vært åpnet for andre formål som veksling eller inn- og utbetalinger.*

*Dersom flere bokføringspliktige bruker felles kassasystem, jf. § 5-3-9, må minst en av de bokføringspliktige bruke integrert kassaskuff for oppbevaring av betalingsmidlene. Dersom det ikke er mulig å holde betalingsmidlene fra flere bokføringspliktige brukere adskilt i kassaskuffen, skal øvrige brukere oppbevare betalingsmidlene i egne kassaskuffer.*

**§ 5-3-5. Utskrift av salgskvittering mv.**

*Ved hvert salg skal det skrives ut en salgskvittering fra kassasystemet som skal fremlegges for kunden. Dersom kassasystemet også brukes til å registrere kredittsalg som blir fakturert på et senere tidspunkt, skal det skrives ut en utleveringskvittering.*

*Salgskvittering og utleveringskvittering kan sendes kunden elektronisk.*

**§ 5-3-6. Krav til dokumentasjon av returer mv.**

*Ved returer skal det skrives ut en særskilt returkvittering. Ved returer hvor det samtidig skjer en ny salgstransaksjon kan returen fremgå av salgskvitteringen.*

*Dersom det er registrert feil betalingsmiddel på salgskvittering, skal det enten tas ut returkvittering som korrigerer feilen og ny salgskvittering med angivelse av rett betalingsmiddel eller en kvittering som har referanse til salgskvitteringens nummer og som kun viser endringen av betalingsmiddel. Dokumentasjonen skal skrives ut og tilbys kunden.*

**5-3-7. Krav til dokumentasjon av andre korreksjonsposter**

*Det skal foreligge dokumentasjon av korreksjonsposter med angivelse av beløp og årsak.*

*Dersom korreksjonen gjelder tidligere registrert salg, skal det foreligge ytterligere dokumentasjon som underbygger korreksjonen. Tilbakebetaling til kunde, herunder ved returer, skal dokumenteres med kundens signatur og telefonnummer.*

**5-3-8. Registrering av vekselkasse og krav til dokumentasjon ved uttak av kontanter**

*Ved salgsdagens begynnelse skal vekselkassen registreres i kassasystemet.*

*Uttak av kontanter fra kassaskuffen i løpet av dagen skal dokumenteres særskilt.*

*Dokumentasjonen skal minst inneholde følgende opplysninger:*

*a) dato og klokkeslett*

*b) beløp*

*c) hvem som har gjort uttaket.*

*Dokumentasjonen skal oppbevares i kassaskuffen.*

**5-3-9. Bruk av felles kassasystem**

*Flere bokføringspliktige kan benytte felles kassasystem hvis kassasystemet er tilrettelagt for dette, jf. kassasystemforskrifta § 2-5 femte ledd.*

*Når flere bokføringspliktige benytter felles kassasystem skal betalingsmidlene holdes adskilt, jf. § 5-3-4 tredje ledd, og det skal foretas individuelle dagsoppgjør.*

#### **5-3-10. Overføring av opplysninger til annet oppbevaringsmedium**

*Dersom lagringsminnet på kassasystemet er fullt skal opplysningene i elektronisk journal umiddelbart overføres til annet elektronisk lagringsmedium, jf. kassasystemforskrifta § 2-7 første ledd.*

#### **§ 5-3-11. Reserverløsninger**

*Dersom det oppstår feil i et kassasystem, og feilen medfører at kravene i kassasystemlova § 3 eller kassasystemforskrifta §§ 2-1 til 2-8 ikke oppfylles, skal feilen rettes uten ugrunnet opphold. Inntil feilen er rettet skal den bokføringspliktige ta i bruk hensiktsmessige reserverløsninger.*

Nåværende § 5-3-2a blir ny § 5-3-12. § 5-3-12 skal lyde:

#### **§ 5-3-12. Krav til innhold mv. i salgsdokument**

*Kassasystemet skal skrive salgsdokument (salgskvittering) til kunden for hvert salg og beløpet som registreres på kassasystem med display skal være lett synlig for kunden med mindre det er vanskelig gjennomførbart.*

*Salgskvittering skal, med de unntak som følger av tredje og fjerde ledd, inneholde de opplysninger som følger av delkapittel 5-1 og kassasystemforskrifta § 2-8-4. Salgskvitteringen skal dessuten angi klokkeslett for salget.*

Selger kan fravike krav om angivelse av kjøper, jf. § 5-1-1 nr. 2, ved kontantsalg fra detaljist. Dette gjelder likevel ikke når kjøper er bokføringspliktig, herunder når en ansatt kjøper på vegne av sin bokføringspliktige arbeidsgiver, og varen eller tjenesten er beregnet for videresalg eller som direkte innsatsfaktor i produksjon eller tjenesteleveranse, og vederlaget er over kr 1 000 inklusive merverdiavgift eller hvor kjøpet gjelder drivstoff til bruk i person- eller varetransport. Selger kan heller ikke fravike kravet om angivelse av kjøper dersom vederlaget er på kr 40 000 eller mer inklusive merverdiavgift og det betales med kontanter. Selger plikter i alle tilfelle å angi kjøper på dennes kvittering dersom kjøper ber om dette, jf. § 5-5-1 annet ledd. I slike tilfeller skal selger signere og stemple kvitteringen.

Ved kontantsalg fra detaljist kan enkeltinnslag angis per varegruppe dersom detaljert beskrivelse av art, jf. § 5-1-1 nr. 3, vanskelig lar seg gjennomføre. Selger plikter i slike tilfeller å utstede ytterligere spesifikaasjon dersom kjøper ber om dette.

Ny § 5-3-13 skal lyde:

#### **§ 5-3-13. Dokumentasjon av hver enkelt salgstransaksjon mv.**

*Registrert kontantsalg og annen løpende anvendelse av kassasystemet skal dokumenteres med elektronisk journal.*

Nåværende § 5-3-3 blir ny § 5-3-14 og skal lyde:

#### **§ 5-3-14. Dagsoppgjør**

*Ved dagens slutt skal det utarbeides en Z-rapport fra hvert enkelt kassapunkt. Z-rapporten skal enten skrives ut på papir eller lagres elektronisk i kassasystemet slik at den til enhver tid kan skrives ut på papir.*

*Tilsvarende skal det ved dagens slutt utarbeides rapport fra hver enkelt betalingsterminal over de betalinger og uttak som er registrert. Den delen av betalingene som gjelder tips skal fremgå særskilt. Rapporten skal være forløpende nummerert med maskinelt tildelte nummer.*

*Kontantbeholdningen skal telles daglig og sammenholdes med opplysningene på Z-rapporter. Opplysninger fra betalingsterminal om betalinger ved bruk av betalingskort skal sammenholdes med*

*tilsvarende opplysninger på Z-rapport. Eventuelle differanser skal forklares. Avstemmingen skal foretas for det enkelte kassapunkt. Hvis kassapunktene betjenes av flere operatører som har egen kassaskuff, skal avstemmingen foretas for hver enkelt operatør.*

*Hvis tips ikke er registrert på kassasystemet, jf. § 5-3-2 tredje ledd, skal kontanttips telles opp særskilt og fremgå av dagsoppgjøret.*

*Dagsoppgjøret skal dateres og det skal fremgå hvem som har foretatt opptelling av kontantbeholdningen og avstemt kontantsalget.*

Ny § 5-3-15 skal lyde:

#### **§ 5-3-15. Oppbevaring og tilgjengelighet**

*Z-rapport og rapport fra betalingsterminal skal oppbevares sammen med avstemmingen av kontantsalget.*

*Kassasystemet må i sin helhet befinne seg i Norge. Elektronisk journal skal til enhver tid oppbevares i Norge og opplysningene skal være tilgjengelige elektronisk i hele oppbevaringstiden. Kassasystemet kan likevel bringes midlertidig ut av Norge når dette skjer som ledd i registrering av kontantsalg mv. om bord på et transportmiddel til eller fra utlandet.*

*Systembeskrivelse som nevnt i kassasystemlova § 3 annet ledd skal oppbevares slik at den er lett tilgjengelig for offentlige kontrollmyndigheter.*

§ 5-4-1 skal lyde:

#### **§ 5-4-1. Ambulerende og sporadisk kontantsalg mv.**

For bokføringspliktige som driver ambulerende eller sporadisk kontantsalg som ikke overstiger 3 ganger folketrygdens grunnbeløp i løpet av et regnskapsår for så vidt gjelder denne virksomheten, gjelder ikke kravene i § 5-3-2. *Det samme gjelder bokføringspliktige med kontantsalg som ikke overstiger kr 50 000 eksklusive merverdiavgift i løpet av et regnskapsår.* Bokføringspliktige som nevnt i første og annet punktum kan dokumentere kontantsalg fortløpende i innbundet bok, der sidene er forhåndsnummererte, ved gjenpart av daterte forhåndsnummererte salgsbilag eller ved oppstilling over ut- og innleverte varer og kontanter. Oppstillingen skal være datert og signert. Det skal skrives ut kvittering dersom kunden ber om det.

Som daterte, forhåndsnummererte salgsbilag etter første ledd *tredje* punktum, regnes også forhåndsnummererte billetter. Det skal fremgå av salgsbilaget i hvilken grad det er gitt rabatt eller fribillett. Hvis rabatt eller fribillett er gitt på grunnlag av medlemskap eller lignende, skal det opplyses om dette.

*Kontantsalg kreves ikke registrert i et kassasystem dersom den bokføringspliktige utsteder salgsdokument (kontantfaktura) i samsvar med delkapittel 5-1.*

§ 5-4-2 skal lyde:

#### **§ 5-4-2. Oppsøkende salg til publikum**

Ved oppsøkende salg til publikum på idrettsarrangementer, konserter og lignende, kan daglig salg fra hver enkelt selger registreres som ett beløp på *kassasystemet*. Ved registrering som nevnt i første punktum og for bokføringspliktige som ikke har plikt til å benytte *kassasystem*, må dokumentasjonen av kontantsalget vise ut- og innleverte varer og kontanter. Oppgjørene skal telles og signeres av to personer.

§ 5-4-3 nytt annet ledd skal lyde:

*Unntaket i første ledd gjelder ikke drivstoff-, parkerings- og billettautomater. Unntaket gjelder heller ikke andre automater med funksjonalitet til å skrive salgskvittering. For dagsoppgjør gjelder likevel bestemmelsen i § 5-4-5.*

§ 5-4-7 skal lyde:

**§ 5-4-7. Dispensasjon**

Departementet kan i særlige tilfeller gjøre ytterligere unntak fra kravet til *kassasystem* i delkapittel 5-3.

§ 5-5-1 første ledd skal lyde:

Kjøpsdokumentet skal være salgsdokumentet selger har utstedt, og skal inneholde de opplysningene som fremgår av delkapittel 5-1 og § 5-3-12.

§ 8-2-1 skal lyde:

**§ 8-2-1. Taksameter**

Bokføringspliktige som driver taxinæring skal registrere kontant- og kredittsalg ved bruk av taksameter som tilfredsstiller kravene i forskrift 1. oktober 2009 nr. 1226 om krav til taksametre.

Ny § 8-2-2 skal lyde:

**8-2-2. Krav til innholdet i salgsdokumentet**

Ved kontantsalg skal taksameteret skrive salgsdokument (salgskvittering) til kunden for hvert salg. Kvitteringen skal inneholde opplysninger som nevnt i § 5-3-12.

Nåværende § 8-2-2 blir ny § 8-2-3 og skal lyde:

**8-2-3. Dokumentasjon av kontantsalg**

Kontantsalget skal dokumenteres ved bruk av skiftlapper og rapport fra taksameteret som viser hver enkelt salgstransaksjon, jf. § 8-2-2. Skiftlappene skal nummereres fortløpende av systemet og inneholde løyvenummeret og taksameterets serienummer.

Skiftlappen skal for hvert skift inneholde følgende opplysninger:

1. skiftets dato
2. klokkeslett for skiftets begynnelse og slutt
3. antall turer
4. brutto innkjørt beløp fordelt på kontant og kreditt
5. kontanttips og tips som betales med betalingskort mv.
6. totale og besatte kilometer
7. sjåførens navn og fødselsnummer eller annen identifikasjonskode
8. akkumulerte tall for totale kilometer og totalt innkjørt i kroner. Kilometer og kroner skal oppgis med henholdsvis minimum seks- og nisifrede tall.

Skiftlapper skal ved utskrift signeres fortløpende med fullt navn av skiftets sjåfør.

Dersom skiftlappsystemet på grunn av feil, strømbrudd eller lignende midlertidig er ute av drift skal årsaken dokumenteres. I disse tilfellene skal det benyttes forhåndsnummererte manuelle skiftlapper. Besatte kilometer, jf. annet ledd nr. 6 kan i slike tilfeller unnlates spesifisert. For øvrig gjelder § 5-3-11 så langt den passer.

Ny § 8-2-4 skal lyde:

**§ 8-2-4. Kassaavstemming**

For hvert skift skal det foretas en avstemming hvor opptalt kassabeholdning mv. sammenholdes med kontantsalg ifølge skiftlapp. Avstemmingen skal dateres og det skal fremgå hvem som har foretatt avstemmingen.

Nåværende § 8-2-3 blir ny § 8-2-5 og skal lyde.

**8-2-5. Oppbevaring**

Dokumentasjon som nevnt i §§ 8-2-3 og 8-2-4 skal oppbevares i fem år etter regnskapsårets slutt.

Ny § 8-2-6 skal lyde:

**8-2-6. Dispensasjon**

*Departementet kan i særlige tilfeller gjøre unntak fra kravet til taksameter i § 8-2-1.*

§ 8-5-3 skal lyde:

**§ 8-5-3. Kassasystem mv.**

Salg av mat og drikke mv. fra restaurant eller annet serveringssted skal registreres fortløpende på *kassasystem* som nevnt i denne forskrift § 5-3-2, selv om betaling skjer når gjesten forlater serveringsstedet. Slik registrering skal enten skje ved at salget registreres fortløpende på bordnummer eller lignende, mens kvittering tas ut når gjesten skal betale, eller ved at salget registreres hver gang det serveres mat eller drikke mv. med samtidig utskrivning av kvittering fra *kassasystemet*.

*Opplysninger om gjester som gis fri adgang eller fri garderobe på grunnlag av medlemskap eller lignende skal registreres på kassasystemet. Opplysningene skal spesifiseres i X- og Y-rapport med angivelse av antall for hver tjenestegruppe, jf. kassasystemforskrifta §§ 2-8-2 og 2-8-3.*

Nåværende § 8-5-4 oppheves.

II

Endringene under I trer i kraft fra 1. januar 2019.

## Lov om endring i lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring (bokføringsloven)

Dato	19.06.2015 nr. 53
Departement	Finansdepartementet
Publisert	I 2015 hefte 6 s 853
Ikrafttredelse	01.01.2019
Endrer	LOV-2004-11-19-73
Gjelder for	
Hjemmel	
Kunngjort	19.06.2015 kl. 15.20
Journalnr	2015-0583
Korttittel	Endringslov til bokføringsloven

---

Prop.120 LS (2014-2015), Innst.355 L (2014-2015), Lovvedtak 117 (2014-2015). Stortingets første og andre gongs behandling hv. 15. og 18. juni 2015. Fremja av Finansdepartementet.

Endring i følgende lov:

Lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring (bokføringsloven).

### I

I lov 19. november 2004 nr. 73 om bokføring (bokføringsloven) gjer ein følgjande endring:

Ny § 10 a skal lyde:

#### § 10 a. *Særlige regler om dokumentasjon av kontantsalg*

Bokføringspliktige skal registrere og dokumentere kontantsalg ved bruk av kassasystem med produkterklæring som tilfredsstillar krav i kassasystemlova og krav etter forskrift gitt i medhold av kassasystemlova. Departementet kan i forskrift fastsette krav til bruk av kassasystem mv., herunder fastsette unntak.

### II

Endringa under I tek til å gjelde 1. januar 2019.